

Rapport frå Grieg Research School Autumn Course 24-27.nov 2015

Grieg Research School of interdisciplinary music studies (GRS) på Griegakademiet i Bergen er eit nettverk av musikkfaglege utdanningsinstitusjonar på Vestlandet (MusicNet West): Bergen Høgskole, Høgskolen Stord/Haugesund, Høgskolen i Volda, Universitetet i Stavanger og Universitetet i Bergen. Dei er regionalt og internasjonalt orienterte, har to samlingar i året og samlar forskarar, stipendiatar, masterstudentar og internasjonale forskarnamn innanfor musikk og utdanning, musikkterapi, musikkvitskap og utøvande/kompositorisk musikkforskning (artistic research). Denne gongen vart deltakarlista på over 80 personar, all time high!

Temaet for haustsamlinga 2015 var "The study of musical practices: Methods in practice-led research/research-led practice". Keynote-forelesarar denne veka var Gary Ansdell, forskar i musikkterapi frå London (Nordoff Robbins), Nanette Nielsen (Universitetet i Oslo) og musikk sosiologen Pamela Burnard (University of Cambridge). Universitetet i Stavanger presenterte fredag føremiddag sine forskningsprosjekt frå institutt for musikk og dans. 10 stipendiatar frå ulike institusjonar hadde framlegg av sine prosjekt, inkludert underteikna, sjølv om eg ikkje er inne på eit PhD-program enno. Det var ei innhaldsrik og inspirerande samling mht vidare PhD-studiar. GRS er ei samling av engasjerte forskarar innanfor faget, og eg opplevde at mitt prosjekt om vurderingspraksis av eksamen i populærvokal i høgare musikkutdanning (Assessment of popular vocal music in higher education) vart oppmuntra og konstruktivt kommentert.

Bergen by vil også gjeste det neste GRS Spring Course, som vil finne stad i juni 2016. Der vil dei blant anna konsentrere seg rundt studiar av det multikulturelle musikkprosjektet Fargespill.

Av Bodil K. Nørsett

Høgskolelektor

Ansgar Teologiske Høgskole